

OLJE OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02/ 2351 - 41	
DATO 17 FEB. 2003	
AN 501 ✓	EKSP.
Stord, den 12.02.2003	

Det kongelige olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Dykkar ref .

Vår ref.

Arkiv nr. 106404

Saksbehand · S. Skjold

## HØYRINGSSAK OM HEIMFALL OG NASJONAL RESSURSFORVALTNING

Det blir vist til departementet si utgreiing av heimfall og nasjonal ressursforvaltning.

Vi er nyleg blitt kjent med at departementet vil setje ned eit offentleg utval som skal vurdere endringar i heimfallsinstituttet. Vi støttar denne avgjerda, og ser den som både rett og nødvendig i høve til dei konsekvensar eit heimfall etter departementet sitt forslag ville føre til.

Også kraftbransjen sin interesseorganisasjon, EBL, har talt sterkt for ei grundig utgreiing gjennom eit eige utval. Frå Sunnhordland Kraftlag (SKL) si side sluttar vi oss til alle delar av EBL sin uttale i saka.

SKL er eit resultatet av lokal infrastrukturbygging gjennom mange år. Selskapet vart skipa i 1946 etter at det i mellomkrigsåra ikkje hadde lukkast å få til ei elektrifisering av fjordbygdene i Sunnhordland. Selskapet sitt føremål var å skaffe straum til Sunnhordland, delar av Midthordland og landdistrikta i Nord-Rogaland, og føre krafta fram til dei ulike bygdene/kommunane.

Selskapet betyr mykje for distriktet der det har sine anlegg og aktivitet, og som det fram til energilova vart innført i 1991, hadde ansvaret for å dekke med elektrisk kraft. Verdiane i selskapet er bygt opp over mange år gjennom distriktet sin vilje til å satse på lokale vasskraft-ressursar, for å utvikle eige distrikt.

Dei fleste kraftanlegga til SKL ligg i Blådalsvassdraget i Kvinnherad og Etne kommune. SKL kjøpte fallrettane her ved skipinga i 1946. Vassdraget vart bygt ut i takt med behov og selskapet sine økonomiske føresetnader, over ein periode på meir enn 50 år. Vi er nå kome inn i ei ny fase der opprusting og utviding av anlegga står på programmet.

Som følge av auka kraftbehov i forsyningsområdet, fekk SKL på 1980-talet også tilgang til andre vasskraftkjelder. Det gjeld eit mindre vassdrag i Fusa kommune, og ein andel av Sima kraftanlegg. Alt dette for å vera i stand til å ivareta sitt forsyningsansvar.

Eigarskapen i SKL er vist i vedlagt brosjyre. Hovedtyngden av eigarane er offentleg eigde selskap. Ein mindre andel er eigd av lokale kraftlag organisert som partslag. I utgangspunktet vart dei fleste av partslaga skipa samstundes med SKL, med ansvaret for den lokale nettutbygginga, medan SKL skulle ta seg av kraftproduksjonen og det overordna nettet. Partlagsforma vart den gangen valgt for å sikre lokalt engasjement og økonomisk deltaking frå kvar kunde.



Sunnhordland Kraftlag AS  
Postboks 24  
5401 Stord  
Telefon 53 49 60 00  
Telefax 53 41 41 70  
Telefax driftssentral  
53 49 60 01  
Org nr NO 916 435 711 MVA

Verdien av SKL sine kraftanlegg er i dag 2-3 milliardar kroner. Dette er verdier distriktet har bygt opp gjennom snart 60 år.


Selskapet har i dag eit stabilt eigarskap, som ønskjer å utvikle SKL vidare. Dette kjem først og fremst til uttrykk gjennom dei planar selskapet har for opprusting og utviding av kraftanlegga i Blådalsvassdraget. Konesjonssøknaden for bygging av eit nytt kraftverk i vassdraget – Blåfalli kraftverk Vik – ligg nå til slutthandsaming i Dykkar departement. SKL er også deltakar i planane for utbygging i Sauda, det såkalla Saudaprojektet.


Vår oppmodning til departementet i det vidare arbeidet er at det vert tatt omsyn til eigarane sine verdier, betydningen av selskapet som lokal næringsutviklar, og at rammevilkåra også i framtida vert slik at eigarar og selskap har interesse av å utvikle kraftanlegga vidare.

Som nemnt i innleiinga ser vi positivt på at det nå vert nedsett eit utval til å utgreie heimfallsinstituttet, og vi reknar med å kome attende til saka når dette arbeidet er utført.

Med helsing

SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

  
Magne Heimvik  
Adm.direktør

  
Sigmund Skjold  
Divisjonssjef

Kopi: EBL

